



BARK as
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2922 - 14/19089

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.08.2014

Svar på førespurnad om status i sak - byggjetiltak på gbnr 137/201 Alver.

Vi viser til førespurnad om status i byggesak på gbnr 137/201.

I skriv av 19.05.2014 bad kommunen om tilleggsinformasjon for å vurdere om omsøkte tiltak kom inn under unntaksbestemmelsen i gjeldande kommunedelplan, punkt 2.4, som gjeld vilkår for at tiltaket kan gjennomførast utan krav til reguleringsplan. Det er 09.06. og 10.06.2014 mottatt dokumentasjon i høve uteopphaldsareal, parkering, storleik på bueining.

Delar av uteopphaldsarealet som er oppgitt er naturtomt i svært bratt terreng. Det er ikkje dokumentert tilstrekkeleg kvalitet på uteopphaldsarealet, jf TEK § 8-4. Kommuneplanen sine bestemmelsar om krav til storleik på uteopphaldsareal, 200 m² per bueining, vil vera retningsgjevande. Vi har på førespurnad til Teknisk drift 25. august fått bekreftelse på at det er tilstrekkeleg kapasitet på VA-anlegget for ei bueining til på egedomen. Det er ikkje søkt om avkjøringsløyve eller førespurd om uttale. Ny dokumentasjon i saka har ikkje dokumentert at tiltaket kjem inn under vilkåra i kommunedelplanen punkt 2.4. Tiltaket krev såleis dispensasjon for å kunne godkjennast.

Handsaming av dispensasjonssøknaden vil omfatta ei samla vurdering av tiltaket der krav til teknisk infrastruktur, uteopphaldsareal, og moglegheit for gjennomføring av tiltaket i høve til gjeldande bestemmelsar m.m. er sentrale. Søknaden om rammeløyve er noko mangelfull når det gjeld dokumentasjon. Vi ber om at det vert send inn snitteikningar med påført takhøgde/etasjehøgde, gjort greie for plassering av sportsbod og at det vert oppgitt bebygd areal for samla bygningsmasse på tomte.

Dersom administrasjonen etter ei samla vurdering innstiller på avslag, vert saka lagt fram for politisk handsaming i Plan- og miljøutvalet. Neste møte i utvalet er 1. oktober. Frist for supplering av søknaden vert difor sett til 10. september. Søknaden vert då handsama ut frå dei opplysningar som ligg føre.

Med helsing



Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Elisabeth og Henning Knutsen Stølen 37 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

BARK as Postboks 4115 5835 BERGEN
Sandviken